

Nytt fotball-tap denne helga

14.09.2008

Det vart eit nytt tap for Rosendal denne helga, denne gongen med 5-3 (2-0) for Vestsiden/Askøy på bortebane. Sist laget vant ein fotballkamp var 28. juni - mot noverande tabelleiar Smørås.

Rosendal augna eit lørlite håp då uskedelingen Lars Johan Myklebust reduserte til 4-2 eit kvarter før slutt. Men mot slutten auka heimelaget til 5-2 før Rosendal reduserte ved Sondre Iversen.

Kjartan Thoresen laga det tredje målet for gjestane, som no har gått på fem strake tap og ein uavgjort kamp. Rosendal opna friskt i sluttomgongen og hadde fleire store sjansar som burde ha gjeve uttelling, skriv Kvinnheringen.

Neste kamp går laurdag i Rosendal og motstandaren er Gneist.